



Myking kvegdrift v/Helge Fimland

Myking 8b

5957 MYKING

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1011 - 17/8952

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

20.03.2017

Gbnr 37/4 m.fl. Myking. Førebels svar ang. fritak frå gjødselplan.

Syner til mail frå deg til Lindås kommune, der det vert søkt om fritak frå kravet om gjødselplan.

Landbrukskontoret har sett på søknaden om produksjonstilskot frå august 2016, der det går fram kva areal driftseininga rår over, vidare kva dyr de har og korleis beiteregimet er.

I utgangspunktet er det innmarkasarealet – fulldyrka, overflatedyrka og gjødsla beite som er grunnlaget for å avgjere om det er naudsynt med gjødselplan.

Du skriv at du har dyra på utmarksbeite og at arealet difor er større. Før ein kan avgjere dette må ein vite kva type utmarksbeite dette er. Om de sender dyr til fjells eller om det er skogsmarka heime som er utmarksbeite.

Ein må vite på kva måte desse beitene vert nytta – om dyra går fritt over heile driftseininga heile året, eller om noko er reservert for «utmarksbeite» - slik at t.d. innmarka ikkje vert beita om sommaren.

Så må ein vite om det vert kjøpt inn fullgjødsel og kor mykje dette eventuelt er og når den vert nytta?

Så må ein vite om det på noko tispunkt vert spreidd husdyrgjødsel, eller om all spreiling føregår ved at dyra flytter seg over alt areal heile året. Det er også nyttig å vite om dyra vert tilleggsfara om vinteren og om dette foret er hausta heime eller kjøpt inn.

Det er tilhøvet mellom produsert mengde gjødsel, og eventuelt forbruk av kunstgjødsel sett opp mot arealet som er til disposisjon, som avgjer om det er grunnlag for fritak

Truleg er det ikkje så stort sannsyn for at du kan få fritak frå gjødselplan. Dette er stort sett reservert for utegangar sau med særstort areal og ikkje alt for mange dyr.

Når du har sendt inn opplysningane me har bede om, vil me rekne på om det er grunnlag for fritak.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Myking kvegdrift v/Helge Fimland

Myking 8b

5957

MYKING